



Modellenes tyranni 2.0

The Tyranny of the Models 2.0

Einar Niemi

Professor emeritus, Institutt for arkeologi, historie, religionsvitenskap og teologi, UiT Norges arktiske universitet
enar.niemi@uit.no

Hallvard Tjelmeland

Professor emeritus, Institutt for arkeologi, historie, religionsvitenskap og teologi, UiT Norges arktiske universitet
hallvard.tjelmeland@uit.no

Ein av dei store metodedeblattane i førre hundreåret gjekk mellom historikaren Jens Arup Seip og statsvitaren Stein Rokkan. Kjernen i motsetninga låg i tittelen på Seips åtak på Rokkan på det nordiske historikarmøtet i 1974, «Modellenes tyranni». Rokkan svarte med artikkelen «Detaljenes tyranni».¹ Seip trefte ikkje heilt med sin kritikk, for Rokkans modellar var ikkje lausrive frå den historiske empirien dei vart nytta på. Det var heller tvert om; Rokkan nytta sine modellar som reiskap for å strukturera ein omfattande historisk empiri i analysar som tok høgde for historisk variasjon. Hans modellar fekk då også raskt ein plass i historieforskinga, især blant yngre historikarar. Dette låg elles i tida. Utviklinga i historiefaget var på veg bort frå den teorilause kritiske empirismen, i retning mot samfunnsvitenskapane, noko som kom til uttrykk i den sosialhistoriske vendinga i tida. Her vart Rokkan viktig, ikkje minst for historikarar i Nord-Noreg, som lét seg inspirera særleg av hans analysar av korleis historiske konfliktlinjer kunne forklara særigne sider ved periferimobilisering i nord.

Grunnlaget for at narvikværinga Rokkan kunne spela ei slik rolle, var at han tok den historiske empirien på alvor. Modellar trengs i samfunnsanalysen også når det gjeld historiske forhold, noko som slett ikkje er ukjent for historikarar. Samstundes er modellar alltid reiskap i analysen; dei kan aldri leva sitt eige liv utan å bli testa mot relevant empiri. Det er på dette punktet vi er sterkt kritiske til artikkelen «Brent jord: langsiktige politiske konsekvensar av nedbrenning og tvangsevakuering i Nord-Troms og Finnmark» i *TfS* nr. 2-2022, skrive av statsvitarane Marcus Buck, Tor Midtbø og Jonas Stein og historikaren Joakim Aalmen Markussen (heretter BMSM). I artikkelen kan det sjå ut som om modellen er *målet* for studien, at den har fått sitt eige liv og har styrt analysen, nærast som om modellen sjølv har tenkt. Artikkelen har gjort at Seips gamle Rokkan-kritikk har fått ny aktualitet.

1. *Studier i historisk metode* (1975). Denne diskusjonen er utførleg omtalt i Stubhaug 2019, s. 351–371.

Vi fant det naudsynt å skrive ein kommentar til artikkelen i Nordnorsk debatt / *Nordlys* etter at BMSMs artikkel hadde vore presentert og drøfta av Asbjørn Jaklin i avisa, der Jaklin fremma kritiske spørsmål både om metode og om empiri, og etter at forfattarane hadde publisert ein kronikk i *Aftenposten* dagen etter (Niemi & Tjelmeland, 2022; Jaklin, 2022; Buck et al., 2022). Etter desse innlegga utspann det seg ein nokså omfattande debatt i spaltene til Nordnorsk debatt med fleire innlegg, dei fleste med kritiske merknader til BMSMs arbeid.

Hypotese og hypotesetesting

La oss først rekapitulera BMSMs hypotese og metode i artikkelen deira. Utgangspunktet er det beste, formulert i det overordna spørsmålet: Kva langsiktige verknader hadde bruken av den brente jords taktikk i Nord-Troms og Finnmark? Det er ei viktig og interessant problemstilling som fortener å bli studert og diskutert. Hypotesen er at ein viktig verknad var ein svakare integrasjon i nasjonalstaten av dei nedbrente områda. Metoden er basert på at verknadene kan målast ut frå to indikatorar, nemleg *valdeltaking* og *oppslutning om Arbeidarpartiet*. Sentralt i metoden er å samanlikna kommunane i dei nedbrente områda med dei andre nordnorske kommunane og med resten av landet, før og etter krigen.² Tidsperioden som er valt, går heilt frå stortingsvalet i 1918 til valet i 2017, men det er altså dei kort-siktige og langsiktige endringane etter 1945 som skal kartleggjast ut frå dei to nemnde indikatorane.

La oss ta for oss dei to indikatorane i tur og orden, halde opp mot hypotesen om svakare integrasjon.

Valdeltaking og integrasjon

Utviklinga i valdeltakinga går fram av Figur 1 (s. 88) og av Tabell 1 (s. 90) i artikkelen. Poenget skal vera at valdeltakinga går meir ned i dei nedbrente områda enn i dei to andre, altså resten av Nord-Noreg og resten av landet, at dette indikerer mindre grad av integrasjon, og at dette igjen var ei følgje av nedbrenninga og gjenreisinga.

Det er tre problem med det empiriske grunnlaget for analysen og for dei påståtte funna. For det første er det eit faktisk tilhøve at valdeltakinga var *høgare etter krigen enn før* også i dei nedbrente områda. For det andre er det særleg i *det første valet etter krigen* at skilnaden er stor, og det må jo – som forfattarane sjølv peiker på – forklarast med at det store fleirtalet av finnmarkingar var spreidd rundt om i landet. For det tredje ligg valdeltakinga i dei nedbrente områda på *gjennomsnittet* for dei andre nordnorske kommunane fram til 1980-talet. Då aukar skilnaden til dei andre områda, men då har det altså gått *40 år sidan krigen*. Vi påstår at nedgangen i valdeltakinga på 1980-talet har andre årsaker enn nedbrenninga, og at valdeltakinga må analyserast på ein meir finmaska måte enn slik det blir gjort i artikkelen, noko vi skal koma attende til. Først skal vi sjå litt meir allment på presentasjonen av det historiske bakteppet kopla til den forklaringa BMSM tilbyr. I denne omgang held vi sjølve minnehistoria unna; den kjem vi tilbake til nedanfor.

På den eine sida er det klart at forskinga på brenninga, evakueringa og gjenreisinga står for ulike posisjonar med omsyn til realhistoria, så vel som minnehistoria. Forenkla kan ein

2. Forfattarane har valt å ta med eit par kommunar i Nord-Troms som ikkje opplevde nedbrenning, og dessutan heile Aust-Finnmark i utvalet av nedbrente kommunar. Det stemmer jo ikkje heilt, men vi reknar med at det ikkje har særleg betydning for den statistikken som blir lagt fram.

operera med to posisjonar og kronologiske fasar i litteraturen som også speglar seg i minnehistoria, og som vi vil syne nedanfor.

I den første fasen, fram til 1970-talet, er forskinga prega av skildringar i ei heller nøktern tone av kva som hendte, med vekt på konkrete hendingar og tiltak. Dei dramatiske hendingane under brenninga og evakueringa kjem fram, men er sjeldan skildra i eit offerrolleperspektiv eller i utprega kritikk av dei sentrale styresmaktene om å vera seindrektig og unnfalldande og om å svikta. Skildringa av dei evakuerte som kom attende til branntuftane, legg meir vekt på deira framtidstru og praktiske innsats enn på dei traumatiske tankane og kjenslene dei måtte ha.

Vendinga frå 1970-talet, med tendensar som har halde fram i skilte fasar like til dei siste åra, reiser så dei kritiske spørsmåla om styresmaktene sine planar, der ikkje minst umyndiggjering av befolkninga, agendaer om sentralisering og om seinverknader av krigen, brenninga og evakueringa blir trekt fram, også i form av traume. Det er knapt tvilsamt at vendinga bidrog vesentleg til at nye, fruktbare perspektiv kom til, og at nytt materiale vart trekt fram, slik at forskingsfeltet vart fornya og ga mykje nytt stoff og nye fruktbare tolkingar. Det gjeld også dei mentale aspekta (Finne, 2005). Denne vendinga gjaldt allment for den krigshistoriske forskinga i Noreg, men vart særleg verksam i Nord-Noreg med landsdelen si spesielle historie både under sjølve krigen, i sluttfasen av krigen og i den første etterkrigstida.

I denne lange fasen, etter vendinga som sette inn på 1970-talet, var det også andre stemmer som kom til uttrykk, ikkje berre dei meir revisjonistiske. I fleire omfattande studiar, særleg av gjenreisninga, vart styresmaktene så å seia rehabilitert, der konklusjonane var at dei, alt mens regjeringa sat i London, tok oppgåvene som venta i nord, på alvor, og at folket i dei brente områda vart handsame med omsorg så langt det var mogleg under omstenda som rådde. Fleire studiar trakk òg fram dei vanskelege tilhøva hausten 1944 og vinteren 1945 som forklaring på at ikkje alle tiltak som styresmaktene iverksette, vart vellukka, heller ikkje dei militære.

Artikkelen til BMSM ser i stor grad bort frå dei nyanseringane og korreksjonane som denne nyare forskinga har gitt. Den gjengir utan motførestillingar dei kritiske skildringane i den mest revisjonistiske forskinga. Det blir hevda at styresmaktene sitt planarbeid var mislukka, ja, at det forsinka gjenreisninga, og at mange av dei heimvendte vart utsett for tvangsflytting, til trass for at forfattarane også nemner at gjenreisninga «for de aller fleste innbyggerne i Finnmark og Nord-Troms representerte [...] et betydelig løft i boligstandarden». Likevel sluttar forfattarane seg til dei som hevder at nedbrenninga, evakueringa og ikkje minst gjenreisninga framstod som umyndiggjering av folket, at folk flest var sterkt misnøgde med gjenreisninga, og at hendingane «frakobla de berørte områdene fra den norske statsbyggingprosessen», altså at dei hindra integrasjonsprosessen både på kort og på lang sikt.

Det vil føre for langt her å gi meir systematiske og omfattande merknader til desse sidene ved framstillinga i artikkelen. For dei som ønsker å gå vidare inn i denne problematikken, vil vi visa til omtalen av dette i det nye trebindsverket «Andre verdskrig i ord», som vart lansert i oktober (Niemi, 2022). Vi må vere nøgde med nokre få merknader, med grunnlag i forskinga som føreligg.³

Det eine vi vil trekka fram, er at det er godt dokumentert at planane for gjenreisninga ikkje først og fremst tok sikte på sentralisering og vedtak over hovudet på folk, slik det ofte blir hevda. Dei såkalla «londonplanane» var ikkje heilskaplege produkt som autorativt vart lagt til grunn for gjenreisninga. Dei var heller ei samling notat med skisser som skulle gi

3. Dei viktigaste verka om gjenreisninga med omsyn til å vera fagleg grundig og med eit balansert, men positivt syn på styresmaktene si handtering og på resultatane er Danche 1986, Bottolfsen 1990 og Hage 1999 (opphavleg doktoravhandling). Om lokale røynsle, sjå til dømes Niemi 2019.

overordna føringar, tilpassa tilhøva lokalt i dei brente områda og dei ulike behova til folk på dei ulike buplassane. Den store mengda standardiserte hus som vart teikna, vart ofte tilpassa individuelle ønske, i samvirke mellom arkitekt og husbyggjar. Det vart jamvel utvikla ein eigen hustype i Kautokeino tilpassa behova folk hadde som ennå levde i hushald tufta på bruk av naturressursane. Ser ein nærare på «gjenreisingshuset» som typehus, er biletet også at den gjenreiste busettinga trass alt stod fram som monaleg variert både i formspråk og i planløyseringa til bustadhusa. Nyare forskning har også lagt vekt på den dramatiske utviklinga av kommunikasjonane og anna infrastruktur i dei brente områda som vart mogleggjort under gjenreisinga.

Det andre vi kort vil trekke fram her, er spørsmålet om kor nøgde eller misnøgde folk var med gjenreisinga. Dei nyare forskingsresultata som vi her har synt til, har grovt sett konkludert slik, på grunnlag av spørjeundersøkingar i samtida: Mange av *mennene* var misnøgde, ikkje primært med standard på hus eller liknande, men fordi dei kjente at «den nye tida», med planteikningar, søknader, samtalar med arkitektar, og så bortetter, fråøva dei deira gamle sjølvstende og det å vera sjølvhjelpen, der dei før krigen hadde hatt alt i eigne hender. Det var såleis brotet med det gamle sjølvhjelpsamfunnet som dei hadde problem med, noko som gav dei svekka sjølvkjensle og byrgskap. Derimot var meir enn 90 prosent av dei spurte *kvinnene* nøgde med både husa og prosessane, som mange av dei faktisk hadde vore deltakarar i. Husa gav dei ein moderne bustad, ikkje minst det nye «laboratoriekjøkenet» og vaskerommet, oftast med innlagt vatn. Den gjennomgåande standardhevinga frå bustadene i førkrigstida var det knapt tvil om.

Mykje nyare forskning har og framheva dei lokale initiativa og planarbeidet, som både supplerte og gjekk framfor sentral- og regionstyresmaktene sine tiltak, slik til dømes lokale granskingar av gjenreisinga av Nord-Troms har synt (Zachariassen, 1998; Hage, 1999). Fleire av dei sentrale aktørane som representerte styresmaktene, var elles finnmarkingar, også i sjølve regjeringa, som Peder Holt, seinare fylkesmann i Finnmark.

Søkkande oppslutning om Arbeidarpartiet og integrasjon

Dei ikkje-dokumenterte resonnementa om korleis folk i dei nedbrente områda oppfatta gjenreisingspolitikken, kan gjenfinnast i analysane i artikkelen av den relativt sterkare tilbakegangen for Arbeidarpartiet. Det er her problema verkeleg tårnar seg opp.

Det store problemet for artikkelforfattarane i påpeikinga av den relativt større tilbakegangen for Arbeidarpartiet i dei nedbrente områda enn i dei to andre, er at dei tilbakefører den påståtte tilbakegangen til erfaringane med nedbrenning. Vi har alt drøfta erfaringane og haldningane i befolkninga. Til dette kjem det at det faktisk er slik at Arbeidarpartiet ligg himmelhøgt over dei andre to områda gjennom heile etterkrigstida, heilt fram til 2017, med eit snitt på 48,5 prosent, mot 41,4 prosent i resten av Nord-Norge og 36,3 prosent i Sør-Noreg, slik då også artikkelen viser (Tabell 1, s. 90).

Argumentet for utgangshypotesen er at Arbeidarpartiet i alle områda hadde gått fram i høve til mellomkrigstida, men at framgangen er mindre i dei nedbrente områda (2,9 prosent mot 7,0 og 9,4). Det eine problemet med dette resonnementet er at det ser bort frå at den mindre framgangen for Arbeidarpartiet blir meir enn kompensert for med høgare oppslutning om venstresidepartia NKP og SF/SV, parti som fungerte som *støtteparti for Arbeidarpartiet* stort sett gjennom heile etterkrigstida. Oppslutninga om arbeidarrørslas venstre fløy har vore særleg høgt i Finnmark og Nord-Troms, både jamført med landsdelen og med landet. Fram til SFs distriktsprogram i 1967 utfordra *ikkje* desse partia på ein grunnleggjande måte kjernen i Arbeidarpartiets moderniseringspolitikk generelt og gjenreisingspo-

litikken spesielt. Eit døme på betydninga av desse partia til venstre for Arbeidarpartiet er NKPs eksepsjonelt sterke stilling i Finnmark i dei første vala etter krigen. Partiet gjekk fram frå 17 prosent i 1949 til 18,6 prosent i 1953, då partiet elles i landet fekk halvert si oppslutning og Koreakrigen nettopp var avslutta. Det er klart at denne relativt kortsiktige framgangen hadde samanheng med misnøye med Nato-medlemskapet og med ein sympati med Sovjetunionen som må knytast til erfaringane under krigen og særleg til frigjeringa av Finnmark frå hausten 1944, og til dei særlege naboskapsrelasjonane i nord (Tjelmeland, 2020, s. 126). Slike regionale særtrekk og tidsbestemte hendingar blir ikkje innreflektert i artikkelen.

Vidare er det eit påtakeleg problem med påstanden om kopling mellom valdeltaking og integrasjon. Dersom ein kastar eit blikk på Figur 2 (s. 89), vil ein raskt sjå at bortsett frå ei søkkande oppslutning fram til 1953, som altså heng saman med NKPs gode val, er valopp- slutninga om Arbeidarpartiet framleis i det nedbrente området langt over dei to andre områda, ja, faktisk med aukande skilnad til og med 1969. Det er altså først ved stortingsvalet i 1973 at det blir ein markert skilnad i utviklinga. Då går Arbeidarpartiet tilbake i alle dei tre områda, men mest i dei nedbrente områda. Det er altså *ved dette valet* BMSM finn at dei langsiktige verknadene av den brente jords taktikk på stemmegivinga slår inn. Då har det altså gått 29 år frå nedbrenninga skjedde, ein heil generasjon. Forklaringa på dette finn forfattarane i to forhold, for det første at det tar tid før krigstrauma slår ut i handling, og for det andre i eit opprør mot at deira erfaringar har blitt neglisjert i dei nasjonale fortellingane om krigen.

Vi skal seinare gå nærare inn på det første momentet i denne forklaringa. Til det andre momentet kan vi føya til dei undersøkingane som ein av forfattarane, Markussen, har gjort i doktoravhandlinga si, som vi alt har vist til. I drøftinga om epokale vendingar i synet på krigen, brenninga og gjenreisninga, lansert av ulike forfattarar, med sterke verknader i den allmenne minnehistoria set Markussen eit skilje *frå 1976 og frametter*. Dette skiftet dreidde seg òg om ei omgrepsmessig endring frå «frigjering» til «tvangsevakuering» der særleg offer- og lidingsrolla kom i fokus. Som Markussen viser, var det faktisk først i siste halvdel av *1980-talet* at det definitive gjennombrøtet for denne minnehistoriske dreininga kom, der nå styresmaktene for alvor kom i skotlina, ikkje minst inspirert av Kjell Fjørtofts arbeid (Markussen, 2020, s. 161–187).⁴

Det burde jo også vera eit tankekors at skilnadene alt ved det etterfølgjande valet, i 1977, var reetablert på relativt same nivå som i 1969, slik det går fram av Figur 2. Det blir gjort til eit poeng at skilnadene i oppslutning vart mindre igjen i dei etterfølgjande tiåra – men altså heile tida slik at dei nedbrente områda hadde høgare oppslutning om Arbeidarpartiet enn dei to andre. Også denne relativt større nedgangen skal altså etter artikkelen kunna tilbakeførast til effektane av nedbrenninga hausten 1944.

Her kan det vera grunn til å minna om statsvitaren Joseph Nye jr. sin tommelfingerregel: «Proximity in time means that the closeness of two events in the chain or causation allows us better to control other causes and thereby obtain a truer weighting of factors.» Kanskje hadde lengda på Kleopatras nase betydning for utviklinga av romarriket, men som faktor bak utbrotet av første verdskrig kan den neppe tilleggjast særleg vekt (Nye, 1999, s. 49). I BMSMs artikkel blir verknadshistoria tillagt avgjerande meining over eit langt tidsrom og for eit stort område utan at det er tatt omsyn til variasjonane i tid og rom. Det er heller ikkje tatt nok høgde for at samanfall ikkje alltid er det same som kausa-

4. Det første verket Markussen viser til som framhevar dette perspektivet, er Nielsen 1976, og på 1980-talet særleg Fjørtoft 1984, i tillegg til andre bøker av same forfattar.

litet. Endå verre blir det når det statistiske valmaterialet heller ikkje viser samanfall med det som artikkelen påstår.

Det er nettopp her vi har dei største metodiske problema med artikkelen: monokausal-forklaringa og mangelen på drøfting av alternative hypotesar. Vi kjem tilbake til den forklaringa BMSM tilbyr, nemleg traume og minnepolitikk. Først vil vi peika på ein del forklaringsar på dei påviste endringane som etter vårt syn framstår som vesentleg meir sannsynlege.

Val og kausalitet

Først til stortingsvalet i 1973. BMSM nemner faktisk her ein mogleg alternativ hypotese, nemleg at striden om medlemskap i EF året før kunne tenkast å liggja i botn, men dei vurderer det slik, med rette, at EF-spørsmålet ikkje slo sterkare ut i dei nedbrente områda enn i resten av Nord-Noreg. I heile kyst-Noreg låg nei-prosenten på over 70 prosent.

Samstundes kom det jo opp spørsmål i samband med valkampen i 1973 som kunne hatt betydning. Ei sak som var viktig for heile kyst-Noreg, men truleg viktigare i dei nedbrente områda enn elles, gjeld spørsmålet om *utviding av fiskerigrensa*. Island hadde nyleg utvida til 50 mil, og det var eit sterkt press frå fiskarane om å følgja Islands døme (Christensen, 2014, s. 57). Grunnen til at dette var viktig særleg lengst nord, var at den internasjonale trålarflåten nå vart eit aukande problem i Barentshavet. Ein liten indikasjon i denne retninga er at det nye Sosialistisk Valforbund (SV) ved valet i 1973 fekk heile 19,1 prosent i Finnmark (fram frå 9,8 prosent samla for NKP og SF i 1969), langt over resten av Nord-Noreg (Svåsand, 1985, s. 70, 72f.). SV hadde 50-milsgrensa som eit av sine viktigaste krav. Ein annan indikasjon er at SV i 1977 berre fekk 7,2 prosent i Finnmark, ein kraftigare nedgang her enn både i landsdelen og i landet, det året Noreg fekk 200 mils økonomisk sone. Kravet om utviding av fiskerigrensa hadde slik falle ut som politisk mobiliserande tema for venstresida sidan valet i 1973. Ein indikasjon i denne retninga er at Finnmark ved den neste folkeavstemminga, i 1994, låg klart på topp i nei-prosent i landet, med 74,5 prosent, då spørsmålet om nasjonal kontroll av 200-milssona var eit viktig tema for nei-sida i Kyst-Noreg (Sejerstad, 2014, s. 259).

Vi tar med eit poeng når det gjeld utviklinga på 1980-talet: Ein alternativ hypotese til at veljarane i noko større grad forlét Arbeidarpartiet i dei nedbrente områda enn traume og minnepolitikk, kunne vera at Finnmark, og i nokon grad også Nord-Troms, gjennom heile 1980-talet opplevde ei *kystkrise*. Først kom selinvasjonane, så, på slutten av 1980-talet, den allmenne kystkrisa som resulterte i kraftige kutt i fiskekvotane og i eit særst strengt kvoteregime, som ikkje minst ramma kystflåten og fjordfiskarane. Krisa førte òg til at det statseigde fiskeindustrielskapet Finotro, reist i Finnmark og Nord-Troms etter krigen som del av gjenreisingspolitikken, gjekk over ende, til liks med store delar av fiskeindustrien elles, med massearbeidsløyse som følgje. Denne krisa låg bak at tidlegare fylkesmann i Finnmark, Anders Aune, meldte seg ut av Arbeidarpartiet og stilte si eiga liste, Framtid for Finnmark, den såkalla Aune-lista. Den stal særleg stemmer frå hans gamle parti. Aune kom inn på Stortinget, med 21,5 prosent av finnmarksveljarane i ryggen (Finstad, 2014, s. 227). Heller ikkje denne opplagte årsaka til relativt sterkare nedgang for Arbeidarpartiet i dei nedbrente områda er nemnd i artikkelen.

Endå ein faktor som vi meiner burde vore drøfta, og som kan forklare svingingane i valdeltaking og dei regionale variasjonane, gjeld den *allmenne utviklinga* i samfunnet. Som følge av utviklinga av velferdsstaten, utdanningssamfunnet og kulturelle prosessar vart regionane som kjend meir like kvarandre. I 1970 utgjorde primærnæringane 22,2 prosent av dei yrkesaktive i Finnmark, mot 13,6 på landsbasis. I 2001 var dei tilsvarande tala 6,5 og 3,7.

Det var ein tilbakegang for sekundærnæringane både i nord og i sør, inklusive dei nedbrente områda. Alle områda vart mykje meir prega av tenesteyting – noko under 50 prosent i 1970 og om lag 74 prosent i 2001.⁵ Særleg viktig har framveksten av den såkalla «velferds-kommunen» vore, med etablering av bygdebyar og prosessar som sosialantropologen Andreas Hompland alt på 1980-talet kalla for «nasjonalisering av kvardagslivet» (Hompland, 1985).

Sidan 1980-talet har vi òg sett ei *etnisk revitalisering og mobilisering*, med særleg styrke nettopp i dei nedbrente områda, først blant samar, så også blant kvenar. For den samiske rørsla vart Arbeidarpartiet ei skyteskive, særleg før og under striden om utbygginga av Alta–Kautokeino-vassdraget.

Og slik veljarskaren har endra seg, har også partia endra seg – ikkje minst Arbeidarpartiet. Det var ikkje det same partiet i 1918, 1960 og 2017.

Minnehistorie og minnepolitikk

Det er altså kombinasjonen av nedbrenning og gjenreisingspolitikk som ifølgje artikkelen forklarar den relativt sterkare nedgangen i valdeltaking og oppslutning om Arbeidarpartiet. For at dette skal gå i hop med at oppslutninga om Arbeidarpartiet var vesentleg større enn i dei to andre områda, og at denne nedgangen ikkje vart større her før ved valet i 1973, blir det brukt ei historisk hjelpeforklaring: at det var først på 1970-talet at nedbrenning og gjenreising oppstår som *minnepolitikk*, med brodd mot dei sentrale styresmaktene og mot det statsberande partiet.

Oppkomsten av ein slik minnepolitikk skulle skuldast erfaringane befolkninga i nord hadde med at nedbrenninga og tvangsevakueringa ikkje hadde blitt integrert i det nasjonale kollektive minnet om krigen. Samstundes vart «problematiske spørsmål knyttet til London-regjeringens og Hjemmefrontens handtering av okkupasjonsårene, forbigått i stillhet» (s. 82). Kva slags «problematiske spørsmål» det er snakk om, går ikkje fram av artikkelen. Der som forfatarane viser til historieskrivinga, har slike «problematiske spørsmål» slett ikkje vore halde tilbake, i alle fall ikkje dei seinare tiåra. Derimot fann slike *oppfatningar* etter kvart ein brei plass i minnehistoria. Det er elles litt pussig at det ser ut som om BMSM omtaler Heimefronten og regjeringane utgått frå Arbeidarpartiet som samstemte minneaktørar, noko som ingen forskning har dokumentert eller sannsynleggjort.

Forfatarane har rett i at det kom fleire stemmer og perspektiv i debatten om norsk okkupasjonshistorie med ein ny generasjon som nyanserte biletet av eit einseitig motstand–svikperspektiv. Problemet er at det i artikkelen ikkje blir lagt fram noko materiale som tyder på at eit nytt minnefellesskap vart skapt i dei nedbrente områda med det innhaldet som blir postulert *så tidleg som forutsett*, med relevans for valdeltakinga i første halvdel av 1970-talet. Ein av artikkelforfatarane, Markussen, dokumenterer, slik vi har vist, korleis det først var på 1980-talet at eit meir eller mindre gjennomgåande offerperspektiv på okkupasjonshistoria slo igjennom for alvor.

Det kan rett og slett sjå ut som om BMSM har gått i ei minnehistorisk felle. På den eine sida er det rett at den minnehistoriske utviklinga i aukande grad frå 1980-talet, i røynda like til regiondebatten dei seinare åra, har teikna eit bilete særleg av Finnmark i ei offerrolle, der det blir hevda at statlege styresmakter heile vegen sidan krigen har svikta Finnmark, og der eit kvart tiltak som luktar av «sentralisering», blir sett på som trugande. På den andre sida finn vi at BMSM tar feil når kronologi blir lagt til grunn for verknadshistoria, i tillegg til at

5. 73,9 % på landsbasis, 74,6 % i Finnmark. Tjelmeland 2009, s. 49.

forfattarane kjem uheldig ut i bruken av valstatistikk, og at dei sviktar metodisk ved at alternative hypotesar ikkje er trekt inn i analyse og argumentasjon.

Forfattarane overser dessutan minnehistoria sin fremste eigenskap, nemleg å vera eit dynamisk felt med sterk tilpassingsevne til skiftande idéstraumdrag og politiske klimaskifte der det nokre gonger blir kjent naudsynt eller nyttig å gløyma, andre gonger å hugsa. For dei nasjonale minneaktørane har det vore overordna viktig å skapa nasjonal koherens – for dei regionale aktørane regional koherens – samt visjonar for ei ny framtid med bakgrunn i minnefortellingar om ei heller mørk fortid, minner som ikkje først og fremst vart arva, men heller skapt og tilpassa samtidshendingar.

Også den sterke nordnorske *regionalismen* kan ha bidratt til vendingane på 1970- og 80-talet i minnehistoria og minnepolitikken. Den nordnorske regionalismen hadde røter attende i andre halvdel av 1800-talet og hadde utvikla seg gjennom distinkte fasar fram til våre dagar. Det kom eit kraftig skifte på 1970-talet. Så langt i etterkrigstida gjaldt ein *integrasjonsregionalisme* der perspektivet var å nå opp til nasjonale standardarar i levestandard og utdanningsnivå. Frå 1970-talet endra dette seg til ein *motstandsregionalisme* som vektla det særeigne med Nord-Noreg som region, og som stod mot krefter som ville underminera dette, med sterk vektlegging av identitet og kultur. Likevel var denne vendinga på ingen måte særeigen for dei nedbrente områda. Den omfatta heile landsdelen – og tilsvarende tendensar fann ein i periferiregionar i heile den vestlege verda (Niemi, 2010, s. 90–97; Tjelmeland, 2016).

Fella forfattarane har gått i, er at dei overser at minnehistoria ofte eskalerer med omsyn til dramatiske fortellingar og enkle kausalforklaringar, i tider med krisetendensar.

Det er symptomatisk at denne eskaleringa i minnehistoria om krigen, evakueringa og gjenreisninga i nord har gått gjennom eit fleirgenerasjonsløp.⁶ Den første generasjonen, som sjølv opplevde det heile, er heller smålåten i sine fortellingar, med lite fokusering på lidning, offerrolle og svik frå styresmaktene, men heller på nøkternt dagleg strev for å overleva, på frigjering, fred og gjenreisning av landet ved «å bretta opp erma».⁷ Den andre generasjonen, som ikkje sjølv opplevde krigen og brenninga, men berre deler av gjenreisninga, teiknar eit heilt anna bilete, påverka av minneaktørane, men og av dei lagnadstunge politiske spørsmåla og ressurskrisene i deira eiga samtid, også spørsmåla om identitet som vart reist i samband både med den nordnorske regionalismen og med etnisitetsrørsla.

Sett ein det heile i eit slikt lys, er det ikkje til å undrast over at BMSM har fått store problem med å kopla monokausalt mellom krigen/brenninga/gjenreisninga og valdeltakinga / oppslutninga om Arbeidarpartiet. Ein vitskapeleg artikkel med det valte tema og med det tilgjengelege tilfanget av kjelder og forskingslitteratur kan knapt legitimerast einsidig ved å vise til det interessante ved modellutvikling.

Minnehistoria blir slik eit *omdreingspunkt om krisene i landsdelen i etterkrigstida* – reelle eller trugande. Den filtrerer det som har hendt, og ser historia i lys av hendingar i ettertid og samtid samt i lys av visjonar om framtid. Den reflekterer difor *førestillingar* meir enn fagleg dokumentert historie. Forskaren si rolle er slik klemd mellom minnehistoria som kjelde og minnehistoria som monument. BMSM har trådd litt skeivt i denne samanhengen, ved at dei, truleg umedvite, har vorte monumentaktørar og feila i bruken av monumenta som kjelder til kritisk gransking.

6. Sjå til dømes Markussen 2020 fl.st.

7. Det er lett å sjå desse tendensane i den omfattande minnelitteraturen i dei første par tiår etter krigen, til dømes i Hellesnes 1949, 1950. Sjå ei tidleg drøfting av minnehistoria hos Mathisen 1984.

Sluttord

Vårt viktigaste ankepunkt mot artikkelen «Brent jord: langsiktige politiske konsekvenser av nedbrenning og tvangsevakuering i Nord-Troms og Finnmark» er at han kviler på urimelege hypotesar. Dei står seg ikkje mot empirien sitt syrebad. Ingen stad blir det gjort freistnader på å granska alternative hypotesar. Det kan sjå ut som om den modellen som er brukt, lever sitt eige liv – og at Seips kritikk av «modellane sin tyranni» treff denne modellbruken betre enn den opphavelege skyteskiva, Rökkans modellbruk. Av ein av forfattarane vart vi i Nordnorsk debatt kritisert for at vi «ikkje møter nye moderne kvantitative forskningsdesign med større nysgjerrighet» (Stein, 2022). Moderne forskningsdesign, til dømes «endring i endring» (DID) og «syntetisk kontrollmetode» (SCM), som ligg til grunn for analysane i denne artikkelen, erstattar ikkje sjølvstendig analyse av historisk empiri og systematisk, kritisk prøving av modellen si rekkevidde. Vitskap er i sin natur sanningsøskande, og det er her vi er nysgjerrige, på korleis store endringsprosessar kan forklarast.

I denne svarartikkelen har vi forsøkt å visa at det er naudsynt med vide realhistoriske kontekstar, kjennskap til relevant forskning, kritisk tilnærming til metode og teoretisk refleksjon om minnehistoria sitt kjeldepotensial så vel som fallgruvane.

Referansar

- Bottolfson, Øystein. (1990). *Finnmark fylkeskommunes historie 1840 – 1990*. Finnmark fylkeskommune.
- Buck, Marcus Tor Midtbø, Jonas Stein og Joakim Aalmen Markussen. (2022, 27. april). Tyskernes «brente jords taktikk» i Nord-Norge fikk langsiktige politiske konsekvenser. *Aftenposten*, s. 42.
- Christensen, Pål. (2014). *Havet, fisken og oljen 1970 – 2014. Norges fiskeri- og kysthistorie: Bd. IV. EF-strid og 200 mils økonomisk sone*. Fagbokforlaget.
- Danche, Trond. (1986). *Opp av ruinene. Gjenreisningen av Finnmark 1945 – 1960*. Gyldendal.
- Finne, Øyvind. 2005. *Krigen som aldri slutter. Krigstraumer i et livstidsperspektiv. Eksemplet Finnmark 1940 – 1946*. Davvi Girji.
- Finstad, Bjørn-Petter. (2014). *Havet, fisken og oljen 1970 – 2014. Norges fiskeri- og kysthistorie: Bd. IV. Markedstilpassing og globalisering*. Fagbokforlaget.
- Fjørtoft, Kjell. (1984). *Vi fikk vår frihet. Finnmark høsten 1944*. Gyldendal.
- Hage, Ingebjørg. (1999). *Som fugl Fønix opp av asken? Gjenreisningshus i Nord-Troms og Finnmark*. Ad Notam.
- Hellesnes, B. R. (1949 og 1950). *Finnmark i flammer. Fortalt av den brente jords egne kvinner og menn*. F. Bruuns forlag, Trondheim (bd. I), Eget forlag, Kragerø (bd. II).
- Hompland, Andreas. (1985). Bygdebyen – det nye Norges ansikt. *Plan og Arbeid. Tidsskrift for diskriptsutbygging, regional planlegging og sysselsetting*. 4.
- Jaklin, Asbjørn. (2022, 26. april). Nedbrenningens lange skygger. *Nordlys*, s. 2 f.
- Mathisen, Stein R. (1984). Muntlig fortellertradisjon om krigshandlinger. I *Frigjøring, evakuering og gjenreisning – et 50-årsminne*. Statens utdanningskontor i Finnmark.
- Markussen, Joakim Aalmen. (2020). *Krigshistoriens livsløp. Samspillet, konkurransene og kampene om iscenesettelsen av Nord-Norges krigshistorie* [Doktorgradsavhandling i historie, UiT Norges arktiske universitet].
- Nielsen, Reidar. (1976). *Folket i hulene. En beretning om de dramatiske hendingene på Sørøya 1944/45*. Tiden Norsk Forlag.
- Niemi, Einar. (1910). Skapingen av Nord-Norge – av én eller flere regioner? I E. Angel, S. Eikeland & P. Selle (Red.), *Nordområdepolitikken sett fra nord*. Fagbokforlaget.
- Niemi, Einar. (2019). Ut av ruinene. Gjenreisningen av Vadsø etter andre verdenskrig. *Varanger Årbok*.
- Niemi, Einar. (2022). Gjenreisning av Nord-Tromsø og Finnmark. I S. Bones (Red.), *Andre verdenskrig i nord: Bd. 3. Kampen om frihet*. Orkana akademiske forlag.
- Niemi, Einar og Hallvard Tjelmeland. (2022). Pussig forklaring om brent jord og politiske konsekvensar. *Nordlys* 4. mai. [Andre verdenskrig, Historie | Pussig forklaring om brent jord og politiske konsekvensar \(nordnorskdebatt.no\)](https://www.nordnorskdebatt.no), lasta ned 4. mai 2022.

- Nye jr, Joseph S. (1999). *Understanding International Conflicts. An Introduction to Theory and History*. Longman.
- Sejerstad, Dag. (2014). *Folket sa nei. Norsk EU-motstand frå 1961 til i dag*. Samlaget.
- Stein, Jonas. (2022). Hvorfor ikke litt mer nysgjerrig, Niemi og Tjelmeland? *Nordlys*. 12. mai. [Forskingsdesign, Forskning | Hvorfor ikke litt mer nysgjerrig, Niemi og Tjelmeland? \(nordnorskdebatt.no\)](https://www.forskingsdesign.no/2022/05/12/hvorfor-ikke-litt-mer-nysgjerrig-niemi-og-tjelmeland/), lasta ned 12. mai 2022.
- Stubhaug, Arild. (2019). *Stein Rokkan. Fra periferi til sentrum*. Vigmostad & Bjørke.
- Studier i historisk metode 10: Periferi og sentrum i historien*. 1975. Universitetsforlaget.
- Svåsand, Lars. 1985. *Politiske partier*. Tiden Norsk Forlag.
- Tjelmeland, Hallvard. (2009). Kva skjedde i Nord-Norge?. I E. Fiva (Red.), *Nordover! Arven etter Studieselskapet, Landsdelsutvalget for Nord-Norge og Nord-Trøndelag*. Orkana.
- Tjelmeland, Hallvard. (2016). Region og regionalisme i nord. H. C. Pedersen & E. Å. Skille (Red.), *Utafor sporet? Idrett, identiteter og regionalisme i nord*. Opdalske bokforlag.
- Tjelmeland, Hallvard. (2020). The Impact of the October Revolution on the North Norwegian Labor Movement. I K. A. Myklebost, J. P. Nielsen & A. Rogatchevski (Red.), *The Russian Revolutions of 1917. The Northern Impact and Beyond*. Academic Studies Press.
- Zachariassen, Ketil. (1998). *Da staten kom til Nord-Troms* [Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Tromsø].